

SAMARBEIDSUTVALET REFERAT

STAD: BYKLE BARNE- OG UNGDOMSSKULE
Onsdag 17.12.2025 klokka 16.30 på personalrommet

Tilstades: Gitte, Ingebjørg, Sigrun, Thor, Lill og Silje

Forfall: Ann Katrin, Jørgine og Sol

Saksliste:

Sak 1/25 Referatsaker

Rektor tok ein kort gjennomgang av SU sin funksjon og oppgåver.

- Eit lovpålagt organ
- Elever, føresette og personale frå skulen sit i SU
- Gjev råd i alle saker som gjeld skulen
- Øverste organ på skulen
- Er nå også eit skulemiljø utvalg

Rektor orienterte om FAU sitt arbeid hausten2025

- To møter 14.10 og 04.12
- Aktivitetskort (uttale til alle politikere)
- Kan det vere på tide med ein felles juleavslutning – både skulane
- Born og skjermbruk
- Tilbod born og unge i Bykle (ungdomsklubb, bibliotek, samfunnshuset)

Orientering om sosiale tiltak hausten 2025

- Skulen ser at dei føresette gjer mykje bra arbeid på trinna og saman med Fjellgardane skule
- Skulen bidreg med 1000,- pr aktivitet

Rekneskap 2025

- Eit meirforbruk på mellom 700 – 800 000
- Fyrste gong for Bykle skule (inndekning av driftsfondet)
- Skuldast meirforbruk på løn

Sak 2/25 Val av leiar og nestleiar.

- Leiar: Lill Kristin Kili
- Nestleiar: Ingebjørg Dyrland

Sak 3/25 SFO hausten 2025

- Endra opningstid morgon til 07.15 – 16.00 (endra frå 06.45)

Sak 4/25 Vedtekter SFO, permisjon, reglar og skuledemokrati

SU gjekk gjennom dei ulike og kom med innspel.

Forskrift hovudmål

- Press på målform

Forskrift SFO

- Opningstider

Forskrift permisjon

- Kan vere vanskeleg i dag med kun 10 dagar permisjon
- Kva med idrett ?
- Kva med kultur ?
- Kva med vidare utdanning ?

Forskrift skulereglar og lokaldemokrati

- Mobil og smartklokker
- Bruk av KI

Sak 5/25 Aktuelle saker frå elevråd

- Elevrådet er nøgde med skulen
- Dei sjølve ser at dei har det godt på skulen
- Dei er og nøgde med ungdomsrådet

Sak 6/25 Paragraf 12 – Skulemiljøet til elevane

- Gjennomgåing av paragraf 12
- Orientering om miljøteam ved skulen
- Orientering om bruken av Spekter
- Siste undersøking no før jul syner at 4% av elevane kjenner seg mobba

Sak 7/25 Generelt høgt skulefråvær

- Skulen er bekymra for ei auke i fråværet og SU hadde ein diskusjon utan ein konklusjon

Bykle 17.12.202
Lars Erik Domaas
sekretær